

Sentraladministrasjonen

Dato : 26.03.2003
Vår ref. : 2003001644/S1 /
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Ingrid Stormyrbakken
Telefon : 61 21 61 20
Telefaks : 61 21 61 01



**Nord-Fron
kommune**

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
021 2351 - 113	
DATO 28 MARS 2003	
AN 501 Vorbuds. l	EKSP.

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
Hovedeksp.
61 21 61 01

UTTALE TIL FORSLAG TIL ENDRINGER I REGLANE OM HJEMFALL - HØYRING

Formannskapet behandla sak vedr. ovannemnde i møte den 25.03.03.

Vedlagt følger utskrift av saka.

E - p o s t
postmotiok@
nord-fron.
kommune.no

www
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Postgiro
0807 3922705

Med helsing

Ingrid Stormyrbakken
Ingrid Stormyrbakken
førstesekretær

Kopi til:
Kommunenes Sentralforbund Postboks 1378, Vika 0114 OSLO
LVK Postboks 471, Sentrum 0105 OSLO



Nord-Fron kommune

Sak

UTTALE TIL FORSLAG TIL ENDRINGER I REGLANE OM HJEMFALL - HØYRING

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Formannskapet	017/03	25.03.2003	ASA

Saksansv.: Gunnar T. Stenseng	Arkiv: S1	Arkivsaknr.:	2003000278
	Objekt:	Journalpost:	2003000734

Vedlegg:

2 artiklar; - NRK Hedmark og Oppland samt Kommunal Rapport.

Utrykte vedlegg:

Skriv frå KS dat. 05.12.02; "Høring av forslag til endringer i reglene om hjemfall".

Bakgrunn for saka:

Olje- og Energidepartementet (OED) har sendt ut eit høringsframlegg om såkalla "eiernøytralt hjemfall" til staten av kraftverk og reguleringsanlegg. Framlegget inneber at alle kraftanlegg som i dag er eigd av kommunar og fylkeskommunar, skal bli overdratt til staten etter 75 år, utan kompensasjon. Etter dagens lovverk gjeld dette berre for anlegg med private og/eller utanlandske eigarar, og konsesjonstida er 60 år.

Bakgrunnen for framlegget er – i følge OED – krav frå ESA, som hevdar at dagens reglar om konsesjonstid og hjemfall ikkje er i samsvar med EØS-avtala.

Framlegget vil, om det skulle bli realisert, føre til at kraftanlegg med ein produksjonsevne på 100 – 110 TWh pr år og til ein verdi av 200 milliardar kroner, vil bli overdratt til staten.

Høringsfristen var opphavleg sett til 28.02.03, men er seinare forlenga til 31.03.

I følge OED var planen å leggje fram ein proposisjon for Stortinget alt våren 2003.

Framlegget møtte straks sterk motstand, m.a. frå både KS og LVK, og frå delar av det politiske miljøet.

Dei viktigaste motargumenta har vore:

- Det er gitt altfor stutt tid til høring på eit framlegg som vil ha så store konsekvensar for korleis den nasjonale "vasskraftformuen" skal forvaltast.
- Framlegget er mangelfullt og utan skikkelege konsekvensanalysar.
- Endringa vil føre til eit omfattande salspress på kommunar og fylkeskommunar.
- Endringa vil gjere nasjonal styring med vasskraftressursane svært vanskeleg.
- Det bør bli sett ned eit breitt samansett lovutval for å greie ut alle sider ved evt. endringar i konsesjons- og hjemfallsreglane.

Som døme på dei mange reaksjonane er vedlagt ei utskrift frå NRK Hedmark og Oppland sine nettsider og ein artikkel frå Kommunal Rapport.

I midten av februar – i samband med at høringsfristen vart forlenga – gjorde olje- og energiministeren kjent at det vil bli sett ned eit slikt utval som mange har peikt på. Departementet ba om at høringa likevel vart gjennomført, fordi det ville vere nyttig for utvalet å få inn ulike innspel.

Administrasjonssjefen si vurdering:

Eg er samd i den kritikken som m.a. KS har reist, og som ordføraren har referert til i si vurdering av saka og forslag til høyringsuttale. Det er å håpe at den motstanden som har kome fram m.a. frå kraftkommunar vil gjere at statlege styresmakter endrar planane for statleg overtaking av kommunale og fylkeskommunalt eigde kraftanlegg. Dersom det ikkje skjer kan vi frykte at offentlege eigarar av frykt for kva som kan skje framover – sel sitt eigarskap – utan at det elles er gjort ut i frå andre vurderingar av om dei skal vere eigar av kraftselskap eller ikkje.

Ordføraren legg saka fram for formannskapet med slik:

Innstilling:

1. Nord-Fron formannskap er nøgd med at OED har beslutta å sette ned eit utval for å gå gjennom konsesjons- og hjemfallsreglane. Vi forutset at KS og LVK blir representerte i utvalet. Vi forutset vidare at utvalet si innstilling kjem på ny høring.
2. Formannskapet meiner uansett at utkastet i nåverande form er uakseptabelt og må avvisast, m.a. av følgjande grunnar:
 - Endringa vil gripe sterkt inn i eigedomsretten som kommunar / fylkeskommunar har til desse verdiane, og som er betalte ned av innbyggjarane gjennom kraftkjøp.
 - Utkastet er svært mangelfullt, m.a. er konsekvensane for eigarstrukturen ikkje godt nok utgreidd. Det er grunn til å tru at endringane vil føre til sal av offentleg eigarskap i svært stort omfang.
 - Konsekvensane for prisutviklinga til forbrukarane er ikkje godt nok vurdert.
 - Endringa vil verke sentraliserande, og tappe distrikta for verdiar og kompetanse.
3. Formannskapet bed om at KS sitt alternative framlegg til hjemfall først ved sal blir grundig vurdert i det vidare arbeidet.

FOR-017/03 25.03.2003 Vedtak:

samrøystes som innstillinga.

Rett utskrift:

Sentraladministrasjonen i Nord-Fron, 25.03.03

Ingrid Stormyrbakken
Ingrid Stormyrbakken
førstesekretær